

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SIN KOMMENTAR TIL MERKNADAR OG UTTALE - OPPSTARTSMELDING

Plannamn	Detaljregulering for Skutevika
Arealplan-ID	4634 2023 001
Saksnummer	2023/2143
Utarbeidd av	Arkoconsult AS
Sist revidert	11.04.2024
Informasjon om varsling	Varsel om oppstart vart sendt ut til grunneigarar, naboar og offentlege instansar 26.10.23. Annonse i avisa Strilen 27.10.23. Merknadsfrist vart sett til 19.11.23. Naboar bad om utsett frist til 28.11.23 i mail sendt 14.11. Utsett frist vart gjeve. Statsforvaltaren i Vestland gav tilbakemelding om at deira merknad var ein dag forsinka og ville kome 20.11, i mail sendt 17.11.

Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillars kommentar
Offentlege		
1. Kystverket 31.10.2023	<p>Sjøtrafikk</p> <ol style="list-style-type: none">1) Planområdet ligg om lag 10 km frå nærmaste hovud- og biled, og 3 km frå nærmaste navigasjonsinstallasjon. Ut frå føreliggande informasjon synes det ikkje å vere element i planforslaget som har verknad på desse.2) Det er likevel viktig at det ikkje planleggast for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken. <p>Konsekvensutredning og ROS for planer utan KU</p> <ol style="list-style-type: none">3) Kystverket registrere planmyndas avgjerd om at planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing og har ingen kommentar til dette.4) Planleggjar må i sin ROS-analyse vise kva ein endra arealbruk vil ha å sei for omgjevnadene, men også på kva for ein måte omgjevnadene vil påverke arealbruken i området. <p>Etablering av akvakulturanlegg på land</p> <ol style="list-style-type: none">5) Akvakulturanlegg har behov for å legge leidningar i sjøen for inntak av sjøvattn. Dersom det er kai i nærleiken kan dette kome i konflikt med bruk av anker for manøvrering til og frå kaia. Leidningar bør heller ikkje liggje i områder der det er planlagt farvatnstiltak, eller i område som er markert som ankringsområde i arealplan eller i sjøkart.	<ol style="list-style-type: none">1) Vert teke til etterretning.2) Vert teke til etterretning. Planforslaget regulerer eit eksisterande anlegg, og ein kan ikkje sjå at planen har påverknad på ferdsel for sjøtrafikken.3) Vert teke til etterretning.4) Vert teke til følgje. Sjå ROS-analyse som følgjer som vedlegg til planen.5) Planen omfattar eksisterande anlegg, og det er ikkje planlagt nye tiltak i form av leidningar i sjø.6) Sjå svar over. Det er ikkje planlagt nye traséar for leidningar.

	<p>6) Kystverkets vurdering er at det i planprosessen må påses at aktuell trasé for leidningar til anlegget ikkje kjem i konflikt med alminneleg ferdsel i farvatnet eller anna bruk av dette.</p>	
<p>2. Fiskeridirektoratet 31.10.2023</p>	<p>Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur</p> <p>1) På nettsida Arealplaner (fiskeridir.no) har Fiskeridirektoratet samla si generelle planrettleiing om fiskeri og akvakultur.</p> <p>Fiskeri- og akvakulturinteresser i området</p> <p>2) Gytefelt i Austfjorden. Fiskeridirektoratet har registrert eit gyteområde for torsk i Nordkvingevågen. Havforskningsinstituttet har registrert gytefelt torsk i Austfjorden og gytefeltet er verdiklassifisert som lokalt viktig.</p> <p>3) Torsken har gytetid frå slutten av januar og ut april månad. I dette tidsrommet er fisken særleg sårbar ovanfor ytre påverknad og tiltak som kan påverke gytesuksess negativt, t.d. Undersjøisk sprengingsarbeid og utfylling av massar i sjø. Fiskeridirektoratet rår generelt til at arbeid i sjø vert gjennomført om hausten/tidleg om vinteren, når livet i sjøen er mest roleg.</p> <p>4) Fiskeridirektoratet viser til Havforskningsinstituttet sin kunnskapsveileder marine naturverdier og tiltak i kystsonen, der ein også kan lese meir om gytefelt.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p> <p>2) Vert teke til etterretning, Gyteområde er omtala i planskildringa, sjå kap. 3.11 om naturmangfald.</p> <p>3) Formålet med planen er å regulere eksisterande næringsområde, og planarbeidet legg ikkje opp til nye tiltak i sjø, som medfører t.d. sprenging eller utfylling. Ein vurderer såleis at planarbeidet ikkje vil ha negative verknader på torsken under gyteperioda.</p> <p>4) Vert teke til etterretning.</p>
<p>3. Vestland Fylkeskommune Avdeling for Næring, plan og innovasjon 16.11.2023</p>	<p><u>Strandsone og friluftsliv</u></p> <p>1) Tiltaket legg opp til ei utbygging i strandsona. Som støtte for arbeid med planlegging i strandsona vil Vestland fylkeskommune difor peike på den digitale rettleiaren som er utarbeidd i samarbeid med kommunar i Vestland og Statsforvaltaren.</p> <p>2) All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at terrenginngrep, byggjetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader.</p> <p>3) Vidare må naturverdier og biologisk mangfald omsynstakast og søkast bevarast i størst mogleg grad. Vi forutset at det ikkje blir redusert framkomme til det svært viktige friluftsområdet Melshovden, eller endra/forringa tilhøve i form av støy, lukt etc i det same friluftsområdet.</p>	<p>1) Vert teke med vidare i planarbeidet.</p> <p>2) Vert teke til etterretning. Planarbeidet går i stor grad ut på å regulere eksisterande tiltak. For nye tiltak, skal god tilpassing til både landskapet og omkringliggande busetnad leggst til grunn. Regulert kotehøgde bidreg til at tiltaka ikkje vert for dominerande både i høve til landskap om med omsyn til omkringliggande naboar. Nye tiltak vil krevje noko terrenginngrep, men dei vil lokaliseras i tilknytning til allereie påverka område. Føreseigna skal sikre estetisk utforming av nye tiltak.</p> <p>3) Vert teke til etterretning. Planen regulerer eit eksisterande næringsområde, og vil ikkje redusere framkomme til Melshovden. Utslepp til luft vert regulert gjennom utsleppsløyve. Ein kan ikkje sjå at planen legg opp til tiltak som vil føre til at tilhøve knytt til støy, lukt etc. ved friluftsområdet vert forringa.</p> <p>4) Vert teke til etterretning.</p>

	<p><u>Vassforvaltning</u></p> <p>4) Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv.</p> <p>5) Vassforskrifta § 4 (overflatevatn) og § 6 (grunnvatn) tillét ikkje at nye byggjetiltak gjer tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller sett miljømåla i risiko, med mindre det er grunnlag for unnatak etter § 12. Reguleringsplanar og utbyggingstiltak bør legge til rette for betring av vassmiljøet slik at miljømål vert nådd der det er praktisk og økonomisk mogleg.</p> <p>6) Reguleringsplanen omfattar Austfjorden med id 0261040300-2-C som ifølje vann-nett har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Miljøtilstanden er vurdert med høg grad av presisjon og er av nyare dato. Miljømålet er god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027. Einaste påverknad som er registrert i vann-nett er diffus avrenning og utlepp frå fiskeoppdrett, og det er ikkje registrert tiltak. Vidare er det registrert sjøaure i vassførekomsten Utløp Sørkvingevatnet 065-23-R like ved planområdet, og resultatet går fram i ein rapport frå juni 2012. I alle forslag til reguleringsplanar må ein vurdere om planen kan ha innverknad på vassførekomst(ar) i eller i tilknytning til planområdet.</p> <p><u>Klima</u></p> <p>7) Regional plan for klima 2022-2035, med tilhøyrande handlingsprogram, blei vedtatt i fylkestinget 15. desember 2022. Klimaplanen er eit verktøy for å styrke klima- og miljøarbeidet i Vestland. Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet. På side 34 finn de retningslinjer for planlegginga i Vestland. Her er det fleire som vil vere av særskilt betydning for planarbeidet.</p> <p>8) Klimaendringar vil føre til ei auke i nedbør og overvann mange stadar, samtidig som at utbygging ofte førar til fleire tette og harde flatar. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing slår difor fast at «Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysningar (slik som eksisterende våtmarker og naturlige bekker eller nye grønne tak og vegger, kunstige bekker og basseng mv.) bør vurderes. Dersom andre løysningar velges, skal det begrunnes hvorfor naturbaserte løysningar er valgt bort.». Naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med opne vassvegar, kan bidra til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap. Dei kan vere</p>	<p>5) Planforslaget legg ikkje opp til byggjetiltak som vil føre til at ein forverring av miljøtilstanden. Nye tiltak etter reguleringsplanen skal leggje til rette for ein forbetring av drifta. Utslepp i sjø vert regulert gjennom utsleppsløyvet. Endring av utsleppsløyve krev søknad og vedtak etter forureiningslova, og vil vere ein prosess uavhengig av reguleringsplanen.</p> <p>6) Vert teke til etterretning. Som nemnt over, må endringar av utsleppsløyve takast som ein eige søknad etter forureiningslova. Planforslaget legg opp til ein betre tilrettelagd drift, og nye tiltak etter reguleringsplanen i seg sjølv er ikkje venta å ha nokon påverknad på vassførekomstane i området. Uttak av vatn frå Sørkvingevatnet er regulert gjennom konsesjon. Utslepp i sjø vert regulert gjennom utsleppsløyvet.</p> <p>7) Vert teke til etterretning. Retningslinene vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet.</p> <p>8) Vert teke til etterretning. Planen legg ikkje opp til ein auke i tette flatar. VA vil vere eit tema ved prosjektering av nye bygg. Anlegget ligg like ved sjøen, som er ein naturleg og god resipient for overvatn.</p> <p>9) Vert teke til etterretning.</p> <p>10) Vert teke til etterretning.</p> <p>11) Vert teke til etterretning. Kulturminne er gjort greie for i planframlegget. Ein kan ikkje sjå at planen er i konflikt med omsynet til nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneinteresser.</p> <p>12) Planlagde tiltak vil vere i tilknytning til eksisterande næringsområde, og det er ikkje planlagt tiltak som er i konflikt med kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m..</p> <p>13) Vert teke til etterretning.</p> <p>14) Vert teke til etterretning.</p>
--	---	--

med å skape gode nærmiljø og vere eit middel for å få naturen tettare på, samtidig som ein tek i vare biologisk mangfald i bygde og fortetta område.

Akvakultur

- 9) Vestland fylkeskommune ser positivt på at ein i planarbeidet vil legge til rette for at anlegget kan oppgraderast, og at dette er viktig for utvikling av akvakulturverksemda på staden.

Kulturminne og kulturmiljø

- 10) Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.
- 11) Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom planen kjem i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planforslaget.
- 12) Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Det er kjent fleire SEFRAK registrerte bygningar i nærleiken til planområdet. Då planen har få detaljar på noverande stadium er det vanskeleg å vurdere i kva grad den vil påverka det kringliggjande området. Vi oppmodar om at planen bør søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
- 13) Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.
- 14) Då saka omfattar areal i sjø vart den send over til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering av potensial for funn av marine kulturminne. Museet har gitt følgjande uttale i saka:
- Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Skutevika i Masfjorden kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.
 - Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.
 - Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til

	<p>museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt fri gjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.</p> <p>Meir informasjon Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/</p>	
<p>4. Statsforvaltaren i Vestland 20.11.2023</p>	<p>Statsforvaltaren minner om at statlege planretningslinjer skal leggast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Statsforvaltaren ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Statsforvaltaren vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Dette er eit eksisterande næringsområde, som ligg ganske tett på både bustader og fritidsbustader. Samlokalisering av bustader/fritidsbustader og industri/næring kan vere utfordrande med tanke på til dømes støy, lukt, støv. Planarbeidet må vise både noverande og ny situasjon for dei tiltaka som er aktuelle og verknadane på omgjevnadane av tiltak må skildrast. Om naudsynt må det fastsetjast rammer for dei tiltaka planen skal opne for. Det bør også leggast opp til ein god medverknadsprosess med naboane. 2) Vi har merka oss at det i planinitiativet står at auke i drift gjer at det er sannsynleg at grenseverdiane i større grad vil overskridast. Vi viser til retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442/21. Retningslinjene inneheld både anbefalte grenseverdiar, og korleis ein skal handtere eventuelle overskriding av desse. Vi viser særleg til kapittel 3.2.1 om støyutgreiingar og kapittel 5 om planlegging av støyande anlegg og verksemdar. 3) Planområdet ligg i strandsona, og ein må då i særleg vurdere korleis planen vil påverke verdiane i strandsona jf. pbl § 1-8. Vi viser til Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Det må planleggast i samsvar med denne. 4) Vi minner også om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Det har allereie vore fleire møter med naboane til reguleringsplanen. Det er utarbeidd ein ny støyrapport som vurderer dagens situasjon med full drift, samt framtidig situasjon. Rapporten viser at støytilhøva vert betra. Elles legg ein ikkje opp til endringar av gjeldande utsløppsøyve. 2) Støyrapporten som vart vist til i planinitiativet hadde til dels usikre berekningar, då målingane baserte seg på ein ekstrapolert situasjon. Det er utarbeidd ein ny støyrapport, der målingane vart gjort når anlegget var i full drift. Ny støyrapport tar også planlagde tiltak med i vurderinga. Rapporten konkluderer med at alle bustader ligg utanfor støysoner etter at planlagde tiltak er gjennomført. 3) Vert teke til etterretning. Byggegrensa mot sjø er sett i sjøkanten i gjeldande KPA. Ein vurdering av planen opp mot SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø er gjeve i planskildringa, sjå kap. 5.1.4. 4) Vert teke til følge. Sjå kap. 5.5 i planskildringa for vurdering av planen opp mot nml. §§ 8-12.

<p>5. NVE 30.10.2023</p>	<p>Generelle råd om arealplanlegging.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) NVE visar til deira kartbaserte rettleiar for reguleringsplan, og kjem med innspel om at denne vert nytta i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene vert vurdert i planarbeidet. 2) NVE rår til å nytte deira internettsider for arealplanlegging. På NVE sine nettsider finn ein også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg mykje arealinformasjon på NVE sine kartløysingar. <p>NVE si oppfølging av planarbeidet</p> <ol style="list-style-type: none"> 3) Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging». 4) Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. 	<p>Vert teke med vidare i planarbeidet.</p> <p>Det er utarbeidd ein rapport for vurdering av områdestabilitet i området – og ein ser såleis at det er naturleg at NVE får planen tilsendt ved offentleg ettersyn. Rapporten konkluderer med at området ikkje vert vurdert som aktsemdsområde for områdeskred.</p>
<p>6. Vestland Fylkeskommune Avdeling for Næring, plan og innovasjon. Innspel frå Infrastruktur og veg. 27.11.2023</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Generelle innspel til planarbeidet. Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen: <ul style="list-style-type: none"> • Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkjøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.) • Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) • Byggegrenser til fylkesveg • Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar • Vegtrafikkstøy • Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker • Grunnundersøkingar 2) Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for all offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før reguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn. <p>Særlege innspel til dette planarbeidet</p> <ol style="list-style-type: none"> 3) Fylkesvegen og krysset mot næringsområdet er regulert gjennom planen Områderegulering Einestrاند- Nordkvingo FV 570 med planID 126620130003, planen er frå 2015. Krysset til fylkesvegen har ikkje tilfredsstillande utforming. Vi meiner planen må gjelde krysset til fylkesveg 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Vert teke til etterretning. Temaa vert vurdert i planarbeidet. Sjå elles kap. 3.4 i planskildringa for omtale av eksisterande situasjon, kap. 4.3 for omtale av samferdsel og teknisk infrastruktur (skildring av planframlegget) og kap. 5.9 som omhandlar konsekvensar for trafikktilhøve. 2) Vert teke til følgje. N100 er lagt til grunn, men sidan det er snakk om oppgradering av eksisterande kryss, ser ein at det vert vanskeleg å sette alle krava i N100. Det er derfor søkt om fråvik for krava til frisikt og stigning/fall. Fråvikssøknadar og tekniske teikningar er sendt til VLFK. 3) Vert teke til følgje. Plankonsulent har som følgje av merknaden hatt dialog med fylkeskommunen vedr. ny utforming av krysset. Det er mellom anna gjennomført ein synfaring. VLFK har vore positive til forslag til ny utforming. Heile krysset er ikkje inkludert i plankartet, då dette vil medføre behovet for ein utviding av plangrensa. Det vert vist til tekniske teikningar for opparbeiding av krysset i føresegna. 4) Vert teke med vidare i planarbeidet. Plankonsulent har vore i dialog med VLFK vedr. innslagspunktet for rekkefølgjekravet. Ein er einige om at rekkefølgjekravet til krysset må knytast til første trafikkskapande tiltak, dvs. når eit nytt tiltak innafør området skapar trafikk, så må krysset utbetrast. Per no, er det planar om å rive delar av eksisterande bygningsmasse, for å erstatte denne med eit nytt bygg. To av smoltkara skal byggast inn. I tillegg skal det etablerast eit nytt förlager. Tiltaka skal betre drifta av anlegget, men er ikkje venta å generere meir trafikk til og frå anlegget. Planen opnar også for at resterande smoltkar kan byggast inn på sikt, dersom det er ynskjeleg. For å konkretisere

	<p>570 Austfjordvegen. Det er ikkje naudsynt å utvida planområdet, men det må stillast krav til utbetring av krysset i tråd med handbøkene Statens vegvesen.</p> <p>4) Planen som omfattar fylkesvegen er 8 år gammal og krysset er ikkje bygd i tråd med gjeldande reguleringsplan. Det vert skrevet i planinitiativet at krysset vart nyleg oppgradert. Vi har tatt ein intern sjekk med de som har utført arbeidet for å høyre kva som er gjort. De seier at det mest riktige og sei er at fv. 570 er oppgradert forbi krysset, og det er asfaltert nokre meter ned i krysset for å tilpasse asfalteringa langs fylkesvegen. I tillegg legg reguleringsplanen til rette for oppgradering av det eksisterande anlegget, noko vi meiner forsterkar vår argumentasjon om at krysset må inkluderast i reguleringsplanen. Vi meiner det må stillast rekkefølgjekrav om opparbeiding av krysset til fv. 570 Austfjordvegen i tråd med Statens vegvesen sine handbøker når neste tiltak innanfor planområdet vert gjort.</p>	<p>innslagspunktet for rekkefølgjekravet, har ein valt å dele næringsområdet inn i fleire delfelt i plankartet. Dei konkrete tiltaka som no er planlagt (erstatta delar av eksisterande bygningsmasse + förlager), ligg innafor BN1. Rekkefølgjekravet for utbetring av krysset mot fylkesvegen er sett til utbygging innafor BN2.</p>
Private		
<p>Allmøte for naboer og kommunen ved Sveinung Toft med informasjon om reguleringsplanen</p>	<p>12.10.2023 Snikkerbua Kafé og Pub.</p>	<p>Informasjonsmøte angående planprosessen og planen for reguleringsplanen. Det var moglegheit for å stille spørsmål, og disse vart svart på.</p>
<p>Ekstra møte med naboene Jarle Rønhovd, Reidun Runhovde og Eva Marie Torgilstveit</p>	<p>21.10.2023 Møte hos naboene.</p>	<p>Avklaring angående buffersone mot naboområde, planområdet, planavgrensing i sjø, avgrensing mot areal som skal være industri.</p>
<p>7. Jarle Rønhovd, gbnr. 38/30 10.11.2023</p>	<p>Presentasjon</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Jarle Rønhovd og kona hans er nærmaste naboar til Mowi. Dei grensar til Mowi sin eigedom på tre kantar, og vert kraftig berørt av det Mowi tek for seg. 2) Huset vart bygd i 1936, altså før Marine Harvest og Mowi var påtenkt. <p>Informasjon</p> <ol style="list-style-type: none"> 3) Rønhovd set pris på å bli informert i forkant av Mowi sine utbyggingsplanar – dei har tidlegare opplevd ei bedrift som brydde seg lite både om naboar og informasjon. Dei vonar at Mowi vil ta omsyn til dei innspela som kjem. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Vert teke til etterretning. 2) Vert teke til etterretning. 3) Vert teke til etterretning. Innspela vert teke med til vurdering i det vidare arbeidet. 4) Vert teke til etterretning. 5) Vert teke til etterretning.

	<p>Vatn og støy/utsikt</p> <p>4) Det er to forhold som Rønhovd er spesielt opptatt av ved ei framtidig utbygging: det eine er vatnet deira, og det andre er støy og utsikt.</p> <p>5) Rønhovd har basert seg på grunnvatn. Boreholet er i hagen, og boringa skjedde midt på 70-talet. Rønhovd er naturlegvis opptatt av å bevare grunnvasskjelda, og er redde for at ev. sprengingsarbeid skal føre til sprekker i fjellet som gjer at dei misser vatnet.</p> <p>6) Viss så gale skulle skje at dei arbeida Mowi set i gang, gjer Rønhovd vasslause, gjer dei rekning med at Mowi held dei skadelause for dei ulempene dette medfører, så som å dekkje tilkoplingsavgift til kommunalt vatn. Ved at Rønhovd dekkjer den faste kommunale avgifta, vil det over tid verte større utlegg på dei enn på Mowi. Detaljar om kostnadane treng ein ikkje å ta no.</p> <p>7) Når det gjeld støy og utsikt, gjer Rønhovd rekning med at ei ev. utsprenging av berget der uthuset deira står, set att så mykje fjell at det er råd til å setje opp ein støyvegg viss det skulle vise seg nødvendig, og at den i så fall får ei utforming som gjer at Rønhovd ikkje misser den sjøutsikta som dei har i dag.</p> <p>8) Pr. i dag fungerer berget mellom Mowi og Rønhovd som ein effektiv støybarriere, og Rønhovd ber om ei konsekvensutgreiing om ev. auka støy dersom dette berget blir redusert eller tatt bort. Dessutan er sikkert alle einige om at det er hyggelegare å la blikket kvile på natur og sjø, enn ein grå støyvegg.</p> <p>9) Viss det vert ei utsprenging av berget, føler Rønhovd behov for å minne om korleis det gjekk føre seg ved førre sprenging der. Det var i 2008: dei salvane som då blei avfyrt, var så kraftige at det førte til øydeleggingar for fleire naboar. Det som skjedde var følgande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Taket på Skutevikshuset blei delvis øydelagt av ein salve som gjekk skeis, og stein som spruta mot huset. Eigar av huset hadde store problem med å få Mowi til å skifte dei taksteinane som var knuste. • Hjø Rønhovd blei grunnmuren til uthuset delvis knust, nokre kledningsbord blei øydelagde, og sjølve uthuset flytta og bikka på kant. Også eit større stykket av berget ramla ut. Inne i bustadhuset hand bilete og maleri på skrå etter salvane, og det kom sprekk i grunnmuren, og tapeten i ei av stovene fekk rifter i hjørna. Huset rista ved kvar sprenging. • Rønhovd tok dette opp med Mowi, med dei avviste blankt at det hadde samband med sprenginga. Skaden på uthuset var ifølgje dei en kraftig storm som hadde forårsaka. Det interessante var at uthuset blei flytta får sør mot nord, mot vindretninga under stormen. Reparasjonen av uthuset og ny fundamentering måtte Rønhovd ta på eigen kostnad. 	<p>6) Vert teke til etterretning. Forhold av privatrettsleg karakter faller utanfor reguleringsheimelen, og ein har såleis ikkje anledning til å stille krav om slike avtaler i planen. Dersom det på sikt skulle verte problem med vassstilførsel som følgje av sprengingsarbeid på Mowi sin tomt, legg ein til grunn at berørte partar kan inngå ein avtale seg imellom. Forhold knytt til sprenging vert regulert gjennom anna lovverk enn plan- og bygningsloven. Det vert vist til granneloven, evt. kjend som naboloven, §5, som seier at det ikkje kan setjast i gang graving, bygging, sprenging eller likanande, utan å sørgje for tilstrekkelege tiltak mot utrasing, siging, risting, steinsprut, lufttrykk eller liknande på naboeigedom.</p> <p>7) Her vert det utarbeidd ein ny støyrapport der ein tek høgde for at berget skal sprengast vekk og at det kjem eit nytt bygg der. Støyrapporten viser at støyforholda mot Rønhovd sin eigedom, gbnr. 38/30, vert betra som følgje av planlagde tiltak. Grenseverdiane ved eigedomen overskridast i dag på laurdagar, søndagar og heilagdaggar. Etter utbygginga tilfredsstillast alle grenseverdiane i utsløysløyvet.</p> <p>8) Sjå svaret over. Støyrapport viser at støyforholda vert betra av utbygginga ein legg opp til. Det vert ikkje naudsynt med støyskjerm. Regulert byggehøgde skal sikre at nytt bygg ikkje tek utsikta frå Rønhovd sin eigedom.</p> <p>9) Vert teke til etterretning.</p> <p>10) Vert teke til etterretning. Ein ynskjer å legge til rette for ein planprosess som så smidig som mogleg for både naboar og tiltakshavar.</p> <p>11) Vert teke til etterretning. Ein har lagt opp til endå eit nabomøte, i samband med offentleg ettersyn av planframlegget. Ved byggesøknad, i etterkant av utarbeidinga av reguleringsplanen, vil nabovarsling gjennomførast.</p>
--	---	---

<p>Supplerande merknader 10.11.2023</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skaden på grunnmuren på våningshuset og skaden inne i huset påstod Mowi skuldast setning – at eit tømmerhus som er bygd i - 36 framleis skulle drive å setje seg, er det mange som har vanskar med å forstå. Også kostandane med å ordne dette nekta Mowi sjølv sagt å ha noko med. <p>10) Som ein skjønar, har Mowi vore ein dyr nabo å ha. Rønhovd vonar at dei skal sleppe å oppleve dette ein gong til, og satsar på at den planlagde utbygginga kan skje på ein smidig måte og slik at dei nærmaste naboane ikkje blir påført denne typen utgifter igjen.</p> <p>11) Rønhovd ber også om at det bli opna for eigen dialog med dei direkte involverte naboane når det gjeld konkrete utbyggingstiltak, før desse blir sette i gang.</p> <p>1) Først vil vi berømme Mowi for i forkant av utbygginga å ha kalla inn til orienterings-møte med dei grunneigarane som blir berørte av reguleringa, der det blei gjort greie for utbyggingsplanar og framdriftsplan. Dette møtet blei avvikla i ein god tone, og Mowi uttrykte at dei var interessert i reaksjonar frå berørte naboar, og at dei vil vurdere nøyte dei innspela dei får. Det blei også uttrykt at berørte naboar ville bli orienterte einskildvis før jul.</p> <p>2) I følgebrevet Varsel om oppstart av privat detaljregulering heiter det at «planområdet omfattar hovuddelen av 38/2, samt delar av eigedommane som ligg langs tilkomst-vegen til Åbakken. [vår understreking] Området består av eit eksisterande næringsområde, som nyttast av Mowi ASA til settefiskanlegg.»</p> <ul style="list-style-type: none"> • Formuleringa i siste punktum er upresis og kan mistydast: Mowis næringsområde er omkransa av LNF-område – mot vest, mot nord, mot aust, og mot sør til sjøen - og det er altså ein avgrensa del av Mowis eigedom som er avsett til næring. • Dei eigedommane som ligg langs vegen til Åbakken, er alle definerte som LNF-område. Ingen av desse eigedommane ønskjer å bli omfatta av ein reguleringsplan for eit industriområde, eller å bli omregulerte – heilt eller delvis – til industriformål. <p>3) I pkt. 2.4 heiter det at «Planområdet er sett av til næringsbygg i overordna kommuneplan. Planarbeidet er såleis i samsvar med overordna kommuneplan.» Dette er i beste fall upresist – jfr det som er sagt ovanfor.</p> <p>4) I planområdet er også tilkomstvegen inkludert, pluss ei buffersone på 4 meter, jfr. pkt 3.1.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning. Ein er glade for at naboar set pris på dialogmøtane Det vert lagt opp til dialogmøter i samband med offentleg ettersyn, for å informera naboane om prosessen og kva konsekvensar planen har for naboane, og for å svare ut eventuelle spørsmål.</p> <p>2) Området er sett av til næringsføremål i Kommuneplanen og området rundt er LNF og LNF- spreidde bustader. Det er ikkje intensjonen med planen at eigedomane rundt skal verta omregulert til noko anna føremål enn kva dei er sett av til Kommuneplanen, såleis får det ikkje verknader for naboeeigedomane.</p> <p>3) Sjø svar på pkt 2. Sjølv om føremålet med planarbeidet er å regulere næringsområdet, kan detaljreguleringa regulere andre føremål i plankartet – til dømes LNF eller grønstruktur, som ein ser er relevant i denne saken.</p> <p>4) Buffersona på 4 meter langs vegen vart inkludert i planområdet for å sikre nok areal dersom det skulle vere ønskeleg å utbetre vegen på sikt. Som følgje av merknader frå naboar, har ein no snevra inn planområdet, slik at det berre er vegareal og grøftar som er regulert av naboar sine eigedomar. Utviding av vegen vil i hovudsak vere på kommunal grunn, medan vegen vidare ned til anlegget vert regulert basert på eksisterande situasjon.</p> <p>5) Det vert laga ein ny støyrapport i samband med planarbeidet, og denne følgjer som vedlegg til planforslaget og er såleis lett tilgjengeleg for alle. Rapporten vurderer støysituasjonen både ved eksisterande situasjon og framtidig situasjon, og konkluderer med at støyforholda ved Rønhovd sine eigedom vert betra. Det er nyleg gjort fleire tiltak for å betre støyforholda i området. Det er nyleg etablert støyskjerm føre UV-anlegg for å avgrense støyutbreiinga sørover. Det er også gjort tiltak på toppen av CO₂-luftarar for å redusere støy frå desse. På</p>
---	--	---

	<p>Det er ikkje presisert om buffersona gjeld 4 m på kvar side av dagens veg, eller om det er 4 m totalt. I alle fall er det teikna inn ei buffersona som går inn på vår eigedom (38/30), og også kuttar av litt av garasjen vår, og i tillegg ein del av garasjen til 38/32. Dessutan er det lagt inn buffersona på øvste del av vegen, som her går over eige-dommen 38/24, ein eigedom som ikkje tilhøyrrer Mowi.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Til orientering opplyser vi at våningshuset på vår eigedom blei bygd i 1936, det uthuset («hønsehuset») som ligg ved grensa til Mowi i sør-vest blei bygd i 1938 med overskytande bygningsmaterial frå våningshuset, og at garasjen vår kom 1950-åra. • Vi har naturlegvis ingenting i mot at Mowi legg inn ei buffersona på vegen der dei sjølve eig grunnen, men å gjere det på andre sin eigedom, og også slik at det omfattar delar av bygningar på annan manns grunn, vil vi sjølv sagt protestere mot. <p>5) I pkt. 6.6 STØY</p> <p>Vi har gjennom ein lang periode vore plaga av så sterk støy frå tidl. Marine Harvest at vi såg oss nøydd til ved hjelp av advokat å få kommunen og fylkesmannen (no statsforvaltaren) til å krevje måling av støyen frå anlegget. Dette blei gjort i 2006, og etter ein heil del press fekk advokaten vår tilsendt støyrapporten frå Marine Harvest. Rapporten var utført av Kilde Akustikk (Rapport 3437 september 2006), og viser at det blei målt høgast støy på vår eigedom av alle dei eigedommane der det blei gjort målingar, og at 4 av dei 6 målepunkta hos oss viste monaleg over grenseverdi. Den målinga som låg akkurat i grenseverdien hos oss, var gjort ved uthuset («hønsehuset»), der det heiter i rapporten at ««Foran Hønsehus» er en posisjon som ligger godt skjernet av terreng og beskriver derfor støyforhold kun for en begrenset del av eiendommen.» og derfor ikkje blei vurdert som eit representativt punkt. (Målepunkt M6 i vedlegg C nedanfor.) Også på hellene ved utvendig kjellaringang, som ligg under tilgrensande terrengnivå, var måleresultatet på grenseverdien.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi kan leggje til at i etterkant av denne målinga er deler av dette støyskjermende terrenget/berget sprengt bort, og det er bl.a. komme opp to kar der det før var berg. • Det punktet der det var høgast støy hos oss, var ved flaggstanga, målepunkt M5. Her blei det målt 46 dB. Flaggstanga er ca to meter frå utepeisen/sitjeplassen vår (målepunkt M4), og den hellelagde sitjeplassen ved utepeisen vil kunne bli utsett for markert støy dersom berget sør og aust for «hønsehuset» blir skote bort. 	<p>sikt er det også tenkt å bygge inn aggregatet som no står utomhus, då dette genererer ein del støy når det er i bruk.</p> <p>6) Vert teke til etterretning. Som nemnt over, faller forhold av privatrettsleg karakter utanfor reguleringsheimelen. Ein har såleis ikkje heimel til å stille krav om den typen avtalar som vert skildra i merknaden frå Rønhovd. Plankonsulent vil likevel oppfordre tiltakshavar og merknadsstillar om å gå i dialog for å få på plass slike avtalar ved evt. sprengingsuhell.</p> <p>7) Vert teke til etterretning. Eigedommen til Rønhovd er ikkje inkludert innafor planområdet, og ein har såleis ikkje anledning til å gjere noko med byggegrensa ved deira eigedom. Ein rår til at merknadsstillar tar kontakt direkte med kommunen vedr. dette.</p>
--	--	---

- Som kjent blir støy målt i decibel (dB). Dette er ein logaritmisk skala. Ein auke på 3 dB frå støygrensa på 40 dB til 43 dB inneber ei dobling av støyen, og ein auke på 6 dB frå 40 dB til 46 dB representerer ei firedobling.

Vi viser elles til kopi av delar av støyrapporten av 2006, nedanfor.

- Mowi refererer til ein seinare støyrapport av Multiconsult, der det berre er Sjøberget (38/35) som har støy over grenseverdien. Denne målinga kjenner ikkje vi til, og vi kan derfor ikkje kommentere den. Vi kan ikkje ha vore på Kvingo då målinga blei gjort, og vi kjenner derfor heller ikkje til om det blei målt på vår eigedom, og kvar målepunkta i så fall var.
- Men støyen har blitt merkbart mindre i seinare tid, og det ønskjer vi å gje Mowi kreditt for.
- Når Mowi no planlegg å sprengje bort store delar av det støydempende berget sør og aust for «hønehuset», er vi usikre på kva følgjer det vil få for støy – vi ønskjer oss ikkje tilbake til Marine Harvest-tilstandar med behov for advokathjelp for å få respons – og vi ber om at det etter eventuell bortsprenging av det for oss støydempende berget, blir utført nye støymålingar, for å få vurdert om det trengst avbøtande tiltak.

6) Meir om det planlagde sprengingsarbeidet

Vi har grunnvatn frå eige borehol i hagen på ca 30 m djupn (mellom huset og flaggstanga). Vatnet er testa og er av svært god kvalitet.

- Når det no skal sprengjast ut fjell i grensa til vår eigedom, er vi sjølvsagt redde for at det kan bli ei sprekk eller ei setning i fjellet som gjer at vi misser vatnet. Skulle så gale skje i samband med skytinga at vi blir vasslause, føreset vi at Mowi held oss skadelause og dekkjer kostnadene ved at vi kan kople oss på den kommunale vassleidningen, og også dei årlege kommunale vassavgiftene, (avlaukskostnader er vi innstilte på å dekkje sjølve), samt eventuelle kostnader ved annan bustad til dess dette er ordna.

7) Byggegrense mot sjø

Då vi mottok meldinga om oppstart av privat detaljregulering frå Arcoconsult, oppdaga vi på Fig. 1, s. 3 i meldinga at byggegrensa for 100 meter grensa frå sjø i arealplanen for Masfjorden kommune (2018-2030) framleis er teikna slik at den går over delar av vår eigedom. Dette var uventa av fleire grunnar:

- Då denne planen var ute på høyring, tok vi, etter råd frå Bjørn Rune Kvinge, kontakt med Masfjorden kommune for å få flytta byggegrensa mot sjø, slik at det skulle vere mogleg å dele frå ei tomt hjå oss –

<p>Supplerande merknader 19.11.2023</p>	<p>kommunen har ved fleire høve uttrykt at dei ønskjer fortetting av bustadmassen – og ei tomt her ville liggje få meter frå veggen ned til Nygård, der det går leidningar for både vatn og avlaup, og det er kort avstand til straum.</p> <ul style="list-style-type: none"> • På kommunen snakka vi med Roald Kvingedal, som hadde forståing for at det var urimeleg med ei 100-meters grense gjennom delar av tomten vår, sidan det mellom oss og sjøen låg eit større bedriftsområde, der det var kontinuerleg byggeaktivitet. På vårt spørsmål om vi skulle sende inn ein merknad til arealplanen, meinte han at dette var ei så grei sak at det skulle ordnast administrativt, og at vi ikkje trong gjere noko meir. Vi blei derfor forbausa då vi oppdaga at byggegrensa var uendra i den vedtatte planen. • b. Det området som Mowi er oppført med i kommunens arealplan, er «eit ungdomsbilete». Fig. 3 og Fig. 9 i det tilsendte varslet frå Arcoconsult viser dagens situasjon før ny planlagd utbygging. Av dei to figurane (3 og 9) går det fram at det mellom oss og sjøen ligg eit større kai-område med ei stor flytebyggje, det er planert ut eit område i sjøen og det er sett opp 8 kar i tillegg til dei 4 som er innteikna på arealplanen, og området er avgrensa av eit 2 m høgt gjerde med 2 lag piggtråd øverst. I tillegg inkluderer det foreslåtte planområdet frå Arcoconsult si side «delar av sjøareala» [s 4 nederst]. • I sjøkanten hos Mowi pågår det altså utbygging, og bandlegging av eit større sjøareal, medan det på vår tomt – der det ikkje er råd å nå i sjøen pga Mowi sitt anlegg – er byggeforbod pga 100-meters grensa til sjø. <p>Vi finn dette urimeleg og meningslaust, og ber derfor om at det blir retta opp, slik kommunen også tidlegare lova å gjere.</p> <p>1) I pkt 1 Formålet med planen skriv Arcoconsult at «Formålet med planarbeidet er å regulere eksisterande næringsområde på Kvingo i Masfjorden.» Denne setninga må forståast slik at planarbeidet er avgrensa til det som i arealplanen er definert som industriområde. Ei slik forståing har vi sjølvstøtt ingen innvendingar mot, og heller ikkje for at det blir laga ein reguleringsplan for dette området – med dei atterhald vi har nemnt i vår tidlegare merknad.</p>	<p>1) Det er ikkje tenkt ei nedbygging av LNF-områder. Reguleringa av næringsområdet baserer seg på eksisterande situasjon og overordna kommuneplan, der delar av planområdet er sett av til næring. Det vil verte teke omsyn til estetikk i området for dei nye bygga som kjem, og grøntareal i LNF vil bestå.</p> <p>2) Dette er privatrettsleg, og planen vil ikkje fortrenge privatrettslege rettar eller tinglyste servituttar. Vert elles teke til etterretning.</p>
---	---	--

<p>Men så går det vidare fram at foreslåtte planområdet omfattar også LNF-område, og sveipar inn på eksisterande eigedommar, som ligg i LNF-soner; jfr innleiinga, 2. større avsnitt, og plankartet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • At planen såleis de facto legg opp til ei nedbygging av LNF-soner, vil vi på det sterkaste protestere mot. • Når ei bedrift etablerer seg i ei grend som opphavleg berre bestod av LNF-område, og der det er gammal busetnad – vårt hus (38/30) blei sett opp i 1936, Åbakken (38/6), Skutevika (38/34) og Hurra (38/33) blei alle sette opp på slutten av 1800-talet, Holmen (38/16) er også av gammal dato, dei andre husa er frå kring 1950-60 – krevst det spesiell aktsemd, både med tanke på estetisk utforming av bygningsmassen, og når det gjeld dei ulemper industri-verksemd fører med seg som støy, lys og forureining, m.m. • I slike situasjonar er det viktig at det blir bevart grønne lunger som skaper avstand til industriltaket, og som gjer at innbyggjarane ikkje føler at dei er blitt bygde inn i ein industrighetto, og at kommunen aksepterer at det er slik det skal vere for innbyggjarane i dette området. <p>2) I samband med LNF-områda finn vi grunn til å opplyse følgjande: I skøyttet vårt heiter det at vi har «...rett til kloakkavlaup med <i>turvande utstyr</i> på og over hovudbruket...». (Vår utheving)</p> <p>Vår eigedom samlar i tillegg opp overflatevatn frå Skolten-området, som blir ført i same grøft. Dersom denne grøfta skulle bli blokkert på ein eller annan måte, vil vi få flaum i kjellaren vår.</p> <p>Det vil i så fall kunne bli aktuelt å setje opp eit pumpehus med nødvendig kapasitet på Mowi sitt område for å unngå dette. Det vil vi i så fall plassere der det er mest høveleg for oss.</p> <p>3) I vårt skøyte heiter det om naustegrensa mot sørvest (til venstre på kartet) at ho held «fram i sjøen». I domspremissane er det vidare sagt at «fram i sjøen» inneber at den private eigedomsretten går til marbakken.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når det gjeld det foreslåtte planområdet, følger det kommunens grenser ved naustet vårt (som vi ikkje forstår er i samsvar med jordskiftedommen av 2000), går langs berget (gamle Bryggjehaugen) eit stykke vestover og vinklar så 90 gr nokså rett sørover, før det gjer ein 110 gr vinkel vestover til eit stykke utanfor bua på Åbakken, vinklar så 130 gr nord-vestover ut i fjorden utanfor Skutevik-bukta, for 	<p>3) Det er ikkje tenkt nye tiltak i sjø med den nye planen, og planen vil ikkje setja til sides andre eigedomar si moglegheit til å utøva sin eigedomsrett i sjø. Det er berre rett framfor eigedomen der MOWI sjølv eig at det kan verta aktuelt med ein ny mur mot sjø som ikkje vil vera til hinder for andre i området. Regulering av hamneområde i sjø tek utgangspunkt i overordna interkommunal plan for sjøareal i region Nordhordland, men er noko snevra inn basert på behov.</p>
--	---

	<p>så gjere ein ny vinkel på ca 75 gr nord-austover til det når land eit stykke vestanfor og utanfor eiga eigedomsgrænse.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Åbakkevika er ei grunn vik – tidlegare, då elva ikkje var regulert som i dag – førde elva med seg lausmassar som har bygd seg opp og følgjeleg flytta marbakken lenger utover enn det som ein elles ville kunne vente. Ved låg fjøre kan ein vasse utan vanskar frå vårt naust og til fjøra ved Åbakken. Vi kan ikkje forstå at det innteikna planområdet følgjer marbakken, og altså eigedomsretten over sjøområde, men at det går inn på det som er privat område. • Elles går det fram av den nemnde jordskiftedommen at ein i sjø eig til møtes (viss ikkje marbakke-prinsippet slår inn), men utanfor sjøbua til Åbakken har Arkoconsult lagt «grensepunktet» slik at Mowi vil disponere eit område om lag 2/3 av avstanden mellom Åbakke-bua og gamle Bryggjehaugen. • Planområdet vil her opplevast som ei kraftig innskrenking av privat eigedomsrett. Det vil også gjere tilflot til nausta og eigedommane innanfor vanskeleg, sidan altså omleg 2/3 av tilkomsten er sperra av eit privat industriområde. Åbakkevika vil sjølv sagt også tape som rekreasjonsområde og fritidsområde ved å bli avgrensa i sjø av eit omfattande industriområde. • Sjølv med eit mindre planområde i Åbakkevika, vil Mowi sjølv sagt kunne bruke det resterande fellesområdet til liks med andre interesserte. At Mowi dessutan ser behov for eit område ved eige land som dei ønskjer å kunne disponere rel. fritt, har vi forståing for. Men å bandleggje store delar av eit sjø-område, som også omfattar annan manns grunn (sjøbotn blir i lovverket sett likt med område på land) finn vi å måtte protestere mot. 	
<p>8. Elise Sunnevåg, gbnr. 38/31 23.11.2023</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Eier av Gnr38/ Bnr 31 som ligger i LNF-område og grenser mot veien til Åbakken, ønsker ikke å bli omfattet av en reguleringsplan for ett industriområde eller å bli omregulert helt eller delvis til industriformål. 2) Tilkomstveien er inkludert i planområdet. Det er tegnet inn buffersone som strekker seg inn på vår eiendom (38/31). Dersom det MOWI ønsker en buffersone langs veien må denne legges på egen grunn og ikke inn på en eiendom MOWI ikke disponerer. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Det er ikkje tenkt ein omregulering av LNF-areal til nytt arealføremål. Avgrensinga av næringsarealet vert basert på kommuneplanen. 2) Areal langs vegen, kalla buffersone i planinitiativet, var tenkt regulert med formål i samsvar med eksisterande situasjon. På bakgrunn av merknadar frå naboar har ein endra plangrensa i ettertid slik at den berre omfattar veg og grøfter. 3) Vert teke til etterretning. Reguleringsplanen legg ikkje opp til endringar av gjeldande konsesjon for vasstilførsel frå Sørkvingevatnet. Når det gjeld utslepp i

	<p>3) I forbindelse med vurdering av om planen blir omfattet av forskrift om konsekvensutredninger ønsker vi å anføre at planen må konsekvensutredes.</p> <p>a) Anlegget er avhengig av vanntilførsel fra Sørkvingevannet og har som følge av dette oppført og opprustet demninger i utløpet av Sørkvingevannet. Vannføring i elveløpet som går fra Sørkvingevannet og til sjøutløp i Skuteviken er tilnærmet tørrlagt eller redusert til en liten bekk. Dette har ødelagt gyteplass for ørret i vassdraget samt ål og sjøørret fra fjorden.</p> <p>b) Fensfjorden er en terskelfjord og utslipp fra oppdrettsnæringen er i ferd med å ødelegge økosystemet i fjorden. Oksygennivået i fjorden er under press og det er av den grunn nødvendig å vurdere utslipp fra anlegget til fjorden.</p> <p>4) Grensepåvisning er nødvendig. MOWI har tidligere ifbm. grave og sprengningsarbeid ved legging av vannrør fra Sørkvingevannet ned til fabrikk fjernet grensemerke for (38/31).</p> <p>5) LNF område mellom 38/31 og industribebyggelse ved MOWI sitt anlegg må opprettholdes iht. kommuneplan. Dette for å ivareta en buffersone mot privat bebyggelse.</p>	<p>fjorden, vert dette regulert gjennom utslippsløyve etter forureiningslova. Det er gjort grundige vurderingar i høve til naturmiljø i samband med behandling av konsesjonssøknad og utslippsløyve. Mowi har parallelt med planarbeidet sendt inn ein søknad om endring av utslippsløyvet. I samband med søknaden er det utarbeidd ein rapport som vurderer konsekvensar av tiltaket og verddivurdering av naturmangfald. Det er forskrift om konsekvensutredning, §§ 6-8 som avgjer om ein reguleringsplan omfattast om kravet til konsekvensutgreiing. Det er gjort ein konkret vurdering av planen opp mot forskrifta, sjå kap. 3.17 i planskildringa. I denne saken er det relevant å ta med i vurderinga at føremålet med reguleringsplanen er å regulere eksisterande og godkjende tiltak. Både Masfjorden kommune og plankonsulent er av den oppfatning at planen ikkje utløyser kravet om KU etter §§ 6-8 i forskrifta.</p> <p>4) Behovet for grensepåvisning i samband med planprosessen har vore diskutert med Masfjorden kommune. Eigedomsgrensene for gbnr. 38/31 er tidlegare avklart ved oppmålingsforretning i 2017 og innmålt med god nøyaktigheit i eigedomskarta. Rekvirering av grensepåvisning/merking av grensa kan gjerast uavhengig av planprosessen. Eigedomsgrensa har ikkje nokon direkte påverknad på planen, eller omvendt. Vegen vert regulert i samsvar med eksisterande situasjon ved gbnr. 38/31, planen legg altså ikkje opp til endringar i dette området.</p> <p>5) Vert teke til følgje. Avgrensinga av næringsformålet er basert på kommuneplanen. Område som i dag består av grøntareal er regulert som vegetasjonsskjerm for å ivareta buffer mot naboar.</p>
<p>9. Eva Marie Torgilstvedt, gbnr. 38/34 26.11.2023</p>	<p>1) Vil først berømme driftsleder ved Mowi Kvingo, Ruben Aldal Sætre og faglig leder ved Arkoconsult, Pål Kjetil Tufta, for at de tok seg tid til å ha et møte med naboer 21. 11.2023, for å avklare en del spørsmål og diskutere konstruktive løsninger i forhold til enkelte problemstillinger. Dette ble også videre fulgt opp i form av at planområdet ble justert, og at revidert kart ble sendt til naboene på email 24.11.2023 Denne viljen til å gjøre justeringer og finne gode løsninger var veldig positivt.</p> <p>2) For ordens skyld vil jeg bare minne om at det ligger kloakkrør under veien fra eiendommene gbnr 38/31 og 38/32, med gråvannsgrøft på motsatt side av veien. Det ligger også en vannledning (Elvestadrør) under veien fra gbnr 38/34 og bort til rørgaten hvor vannet er tilkoblet. Dette må tas hensyn til ved eventuell fremtidig utbedring/vedlikehold av veien.</p> <p>3) Vil også be om at det legges en dreneringsrenne (eller noe lignende) ved innkjørselen til gbnr 38/34, for etter at Mowi asfalterte tilkomstveien renner</p>	<p>1) Vert teke til etterretning. Ein sett pris på at ein kan ha ein god dialog, og ser at dette er til fordel for alle partar.</p> <p>2) Vert teke til etterretning. Planen opnar for oppgradering av vegen over 38/24. For den delen av vegen kor ein legg til rette for utbetring vil detaljprosjektering ivareta omsynet til eksisterande infrastruktur.</p> <p>3) Mowi er positive til at det kan etablerast ein dreneringsrenne. Ein ser at slike tiltak er aktuelle i samband med detaljprosjektering, og planforslaget har ikkje eit detaljnivå der tiltak som dreneringsrenne vert regulert.</p> <p>4) Vert teke til etterretning.</p> <p>5) Aggregatet som i dag står utomhus er tenkt flytta inn ved oppføring av nytt bygg.</p>

	<p>det mye vann fra veien og veigrøften inn på eiendommen. Dette fører til at det i perioder samler seg mye vann på tunet og i veien inn mot huset, og om vinteren skaper dette problemer med isdannelse.</p> <p>4) På nabomøte 21.11.2023 sa Mowi at støy fra anlegget er noe de vil ta svært seriøst. Dette var veldig gledelig å høre.</p> <p>5) Aggregat: Mowi Kvingo har et kraftig aggregat som skal drifte hele anlegget ved strømbrydd. I tillegg brukes aggregatet i forbindelse med ulike anleggsarbeid. - Litt tilbake i tid sto eksempelvis aggregatet på hver eneste dag (hele arbeidsdagen) i et halvt år, i tilknytning til et utbedringsarbeid. Aggregatet lager svært høy støy, og siden det er plassert utenfor driftsbygningen (mot naboene/ tilkomstveien) blir jeg som nærmeste nabo svært negativt berørt av støyen når aggregatet er på. – Må bruke hørselsvern når jeg er ute i hagen, og det blir også mye støy inne i huset. Vil be om at det tas en støy måling av aggregatet, og at Mowi prøver å finne en løsning for å dempe støyen fra dette. Vil tro at dette også vil være viktig i forhold til arbeidsmiljø og HMS for de tilsatte ved Mowi Kvingo.</p> <p>6) Landstrøm til brønnbåter: Dette er et tiltak som ville ha redusert støyen fra brønnbåtene betraktelig mens de ligger til havn. En overgang til landstrøm bør derfor være et mål på sikt.</p> <p>7) Støy fra anlegget: Som diskutert på nabomøte 21.11.2023 så er det ønskelig med nye støy målinger før nye tiltak blir iverksatt inne på anlegget, fordi målingen (som det blir referert til i Planinitiativet) ble gjort var kun 4 av 12 utvendige kar i drift. En støy måling både før og etter planlagte tiltak vil også være nødvendig hvis man skal få presise svar på hvilken effekt tiltakene (bl.a innbygging av 2 kar) vil ha på støyforholdene.</p> <p>8) Når det gjelder modernisering/ oppgradering inne på Mowi Kvingo sitt smoltanlegg (dvs på området avsatt til Industri/ Næring i Kommuneplanens arealdel), så er det positivt at disse tiltakene detaljreguleres. Det at flere kar innbygges vil trolig også bli positivt både i forhold til støy og estetikk. Det er imidlertid viktig at takhøyden på nye bygg ikke overstiger takhøyden på eksisterende bygg inne på anlegget. Dette både ut fra estetiske hensyn og siktilinje ne til naboene, og ut fra at (slik jeg forstår det) høyere tak enn det som er på omkringliggende bygg kan føre til økt støy istedenfor å gi støyreduserende effekt.</p> <p>9) Avslutningsvis Ser positivt på detaljreguleringen og planområdet slik det er framlagt i Planinitiativ et 16.10.2023 og i justert kart over planområdet av 24.11.2023.</p>	<p>6) Føresegna opnar for at det kan etablerast landstraumsanlegg innafor næringsområdet. Dette vil redusere støyen frå båtane som ligg til kai. Planen sett ikkje krav om at anlegget skal etablerast, då det per no ikkje nyttast båtar i området som kan bruke denne teknologien. I framtida kan dette verte aktuelt, og på bakgrunn av dette vert det opna for etablering av anlegget i planen.</p> <p>7) Det er utarbeidd ein ny støyrapport i samband med planarbeidet, som baserer seg på nye berekningar. Rapporten vurderer støytilhøva ved dagens situasjon, med full drift, og ved framtidig situasjon, også med full drift på anlegget. Merknadsstillars eige dom ligg utanfor støysone både ved dagens situasjon og ved framtidig situasjon. Støysituasjonen i området rundt anlegget vert generelt betra. Det er allereie sett i verk fleire tiltak for å betre støysituasjonen i området. Det er nyleg etablert støyskjerm føre UV-anlegg for å avgrense støyutbreiinga sørover. Det er også gjort tiltak på toppen av CO₂-luftarar for å redusere støy frå desse. På sikt er det som nemnt også tenkt å bygge inn aggregatet som no står utomhus, då dette genererer ein del støy når det er i bruk.</p> <p>8) Vert teke til følgje. Regulert byggehøgt tek utgangspunkt i høgda på allereie etablerte bygg. Planen opnar ikkje for at nye bygg vert høgare enn dagens.</p> <p>9) Vert teke til etterretning.</p>
--	--	--

10.
Berit og Kjell Østbø, gbnr.
38/35
27.11.2023

- 1) Det første vi legger merke til er plangrensen noen steder går over grensen til tilliggende eiendommer og dels går langt ut i sjøen. Områder som vel ikke bør inngå i en reguleringsplan for næringsområde all den stund disse inngår i LNF-område.
- 2) Pkt 6.6.
Derneft har vi merket oss pkt. 6.6 i planinitiativet – støy. Det fremgår at det er foretatt målinger og utarbeidet en støyrapport hvor det fremkommer at grenseverdiene for støy ved normal drift ikke overholdes for vår eiendom (Åbakken 31) og at det er sannsynlig at verdiene i større grad vil overskrides. Dette bekymrer oss og vi mener at tiltakshaver må pålegges å foreta nye målinger (som også vi må få tilgang til). Målingene må foretas flere steder på vår eiendom da vi har flere utplasser og oppholder oss mye utendørs når vi er der. Det forventes at det må foretas effektive avbøtende tiltak for å dempe støyplagene. Bygge inn støykildene, forlengelse av nåværende støygjerde (som i dag ikke dekker vår sektor), innsetting av lydpendende vinduer hos oss e.l. Hoved-soverommet i vårt hus kan i liten grad brukes da støyen her er plagsom! Spesielt i sommerhalvåret når en foretrekker åpent vindu. Også uteliv på vår kai, hage og uteplasser begrenses p.g.a støy. Støy over tid er helseskadelig. Det er også tidligere foretatt støymålinger uten at vi har blitt gjort kjent med resultatene – noe som vel kunne indikere at disse minst var i grenseland.)
- 3) Plangrense i sjøen.
Området har mange brukere til bading, rekreasjon, fiske og båtliv og disse må ha mest mulig tilgang til dette. Dette er og har alltid vært en svært viktig del av friluftsliv og rekreasjon for mange i bygda. Omregulering til «havneområde» bør begrenses til det strengt nødvendige. Dagens båndlegging er allerede en følbare ulempe for beboerne i Åbakkevika.
- 4) Estetisk utforming.
Anlegget er anlagt i et gammelt kulturområde. Bl.a med Åbakken som et velholdt eksempel på flerbruksgård med bygdemølle, sagbruk, notbu for fiskebruk og husdyrhold. Vi vil sterkt oppfordre til at det industrielle preget holdes så dempet som mulig, noe som utforming av bygg/anlegg kan bidra til. Den røde bygningen som inneholder renseanlegg på anlegget er et eksempel på dette.
- 5) Lysforurensning
Dette er på det nåværende tidspunkt blitt bedre etter mange henvendelser opp gjennom årene. Brønnbåtene som kommer nattetid medfører allikevel mye sjenerende lys og støy.

- 1) Det er naturleg å regulere desse området i samband med planprosessen, slik at ein ivareteke omkringliggende område tilstøytane næringsområdet. Det er naudsynt med tilkomst med båt mot næringsområdet. Arealet som er sett av til næring vert ikkje utvida, sjølv om planområdet omfattar eit større område en feltet som er sett av til næring i KPA. Vi visar til plankartet for avgrensing av næringsområdet.
- 2) Vert teke til etterretning. Det er i samband med planarbeidet utarbeidd ein ny støyrapport. Støyrapporten følgjer som vedlegg til planen, og er lett tilgjengeleg for alle interesserte. Ved dagens situasjon (full drift) vert grenseverdien for L_{den} overskride med 2 dB ved Åbakken 31, medan grenseverdien for natta vert overskride med 1 dB. Støyrapporten vurderer også støy ved framtidig situasjon. Rapporten konkluderer med at ein etter planlagt utbygging tilfredsstillar grenseverdiane gitt i utsleppsløyvet ved alle omkringliggende bustader. Støysituasjonen vert såleis betra etter planlagt utbygging. Det er nyleg gjort fleire avbøtande tiltak for å redusere støy: det er etablert støyskjerm før UV-anlegg for å avgrense støyutbreiinga sørover, og det er gjort tiltak på toppen av CO₂-luftarar for å redusere støy.
- 3) Regulering av hamneområde i sjø tek utgangspunkt i overordna interkommunal plan for sjøareal i region Nordhordland, men er noko snevra inn basert på behov. Detaljreguleringa medfører såleis ikkje utviding av hamneområde samanlikna med gjeldande plan.
- 4) Vert teke til etterretning. Føregena regulerer estetikk for nye tiltak, sjå § 3.1. Nye tiltak må planleggast både med omsyn til estetikk og funksjonalitet. Det er mellom anna stilt krav om ein samstemt fargebruk innafor næringsområdet. Nye bygg skal også utformast med saltak. Føresegna og plankartet regulerer største byggehøgde.
- 5) Vert teke til etterretning. Mowi har etablerte rutinar for å avgrense negativ påverknad frå naboar ifm. anløp av brønnbåt. Berørte naboar får SMS i forkant av brønnbåtanløp. Det vert gjort tilpassingar for anløp til vekedager og dagtid. Brønnbåtene ligg ute i Fensfjorden til dagslyset kjem, så langt det er praktisk gjennomførbart mht. dagslengde.
- 6) Vert teke til etterretning. Forhold knytt til forureining vert ivareteke gjennom forureiningslova. Forureining frå anlegget er regulert gjennom utsleppsløyve som er gitt etter forureiningslovas § 11. For å unngå overlapp mellom reguleringsplanen og utsleppsløyvet, vert ikkje vilkåra i utsleppsløyvet presisert i føresegna. Utsleppsløyvet og forureiningslova generelt vil gjelde uavhengig av reguleringsplanen.

	<p>6) Forurensning i sjø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette er noe som bekymrer oss da vi observerer store endringer i livet i sjøen. Siste utslippsløyve ble gitt i 2014 med forutsetning at rensing av avfallsstoffer var tilfredsstillende. Siste kontroll av anlegget var i 2016. Det ble da funnet avvik som vi ikke vet om ble rettet. Kontrollene skulle vært gjennomført hvert 5. år. • Vi har flere ganger observert brun rosa «gørr» og skum som ikke lukter godt og er svært ekkelt. Dette er neppe bra for livet i sjøen. Blåskjell forsvunnet, nesten ikke fisk (i en tidligere fiskerik fjord) og oppblomstring av grønnskelignende tare langs sjøkanten. Hva med utslipp vi ikke ser og lukter? Viser i den forbindelse til Mowis anlegg i Fjæra i Åkrafjorden som i 2021 søkte om utslippsløyve og hvor Statsforvalteren hadde innsigelser da man ikke hadde nok kunnskap om næringsalters (bl.a nitrogen) påvirkning på livet i sjøen. • I informasjonsmøtet hos Mowi på sensommeren, ble det bekreftet at renseanlegget ikke fungerte optimalt. Ved forestående oppgradering av anlegget er det viktig at feilene blir lokalisert/rettet. 	
<p>11. Reidunn Rønhovde, gbnr. 38/32 27.11.2023</p>	<p>Spesielt vil jeg takke for at Ruben Aldal Sætre, driftsleder ved Mowi Kvingo, og Pål Kjetil Tufta, faglig leder ved Arkoconsult, tok seg tid til å diskutere problemstillinger og avklare misforståelser i forbindelse med det utsendte planforslaget, datert 16.10.2023. (Møte med naboer 21.11.2023).</p> <p>Etter møtet sendte Arkoconsult ut et justert kart med presiseringer (24.11.2023), i tråd med det som fremkom på møtet.</p> <p>Slik planen nå fremstår, jf. Planinitiativ av 16.10.2023 og kartutsnitt av justert planområde tilsendt 24.11.2023, har jeg ingen innvendinger, kun et par kommentarer.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Planområdet: Fint at grensene for planområdet er trukket vekk fra boligeiendommene. Det er også veldig bra at det er lagt inn en buffersone mellom anlegget og boligområdet. 2) Tilkomsveien: I tilfelle senere arbeider på tilkomsveien vil jeg gjøre oppmerksom på at det går kloakkrør under veien fra min eiendom og over i en gråvannsgroft på motsatt side. 3) Støy: Det er fint om det blir tatt støymålinger av aggregatet og rundt anlegget, både før og etter at tiltak blir iverksatt. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Vert teke til etterretning 2) Vert teke til etterretning. Planen legg ikkje opp til endringar av veggen over Rønhovde sin eigedom. 3) Det er utarbeidd ein ny støyrapport i samband med planarbeidet. Denne vurderer støytilhøva i området ved dagens situasjon og ved framtidig situasjon. Rapporten viser at planlagde tiltak innafør området vil ha ein positiv effekt på støyforholda i området. Det er allereie sett i verk nokon tiltak for å redusere støy. Det er etablert støyskjerm før UV-anlegg for å avgrense støyutbreiinga sørover, og det er gjort tiltak på toppen av CO₂-luftarar for å redusere støy. Sjå støyrapport som følgjer som vedlegg til planen for meir informasjon.

12.
Torunn Kvinge og Lillian
Kvinge, gbnr. 38/101
28.11.2023

Dei siste tiåra er det gjort store inngrep i naturen og endringer i bygg og anleggsstrukturen på næringsområdet i Skutevika. I tillegg til kunstig utviding av tomtearealet, har det tidvis vore store avfallsutslepp i fjorden. Det vert snakka om at fisken er borte i elva og at livet i fjøra har teke skade. Me er difor positive til at det nå skal utarbeidast reguleringsplan.

- 1) Det heiter i Planinitiativet at formålet er å regulere eksisterande anlegg, samstundes som ein legg til rette for ei oppgradering. I referat frå oppstartmøtet med kommunen i september er oppgradering presisert til ynskje om utviding av bygningsmassen til anlegget og modernisering. Bygninger er oppført på ulike tidspunkt og det er sett opp store «telt» over ein del kar med fisk. Det overordna visuelle uttrykket er svært skjemmande i bygda. Me vil be om at dei ulike elementa vert lagt under felles takløyving, at tiltaket skal vera stadtilpassa og korrespondere med omkring liggende bygg og kulturlandskap mm, f.eks ved bruk av saltak. Her vil arkitekt og/ eller landskapsarkitekt sikkert kunna koma med gode innspill til løysingar.
- 2) I Planinitiativet vert påpeika at reguleringsplanen i utgangspunktet ikkje krev endringar i gjeldande konsesjoner. Reguleringsplanarbeidet bør likevel omfatte informasjon om kva miljøkonsekvenser anlegget har og eventuelle krav for å unngå vidare miljøskader. Her kan situasjonen i dag samanliknast både med den som er kartlagt i tidlegare undersøkinger og med lokal kunnskap om naturtilhøva før fiskeoppdrett kom i gang i Skutevika. Turisme ser ut til å verta eit meir og meir viktig levebrød også på Kvingo. Det må difor vera ei målsetting at fiskeoppdrettsnæringa gir færrest mogeleg negative avtrykk.
- 3) Me vonar at både MOWI og kommunen no vil nytte arbeidet med reguleringsplanen til å leggja tydelege rammer for verksemda framover. Slik kan naboer og resten av bygda innstilla seg på kva ein kan venta seg. Vårt inntrykk er at settefiskanlegget ved fleire høve har søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen når nye tiltak skulle gjennomførast, seinast i samband med bygging av flytebrygge i 2018 og 2021. Det bør vera ei målsetting å redusere slike former for «ad hoc styring» framover.
- 4) Til sist vil me påpeika at kommunen bør utarbeida krav til opprydding og tilbakeføring av naturverdier dersom anlegget ein gong i framtida skulle bli nedlagt.
- 5) Bakgrunnen for lokalisering av settefiskanlegg i bygda er god og rikeleg tilgang på ferskvatn frå Kvingevassdraget. Mowi eig ikkje vassrettane, men får etablere ulike former for utstyr både i elva og i Kvingevatnet (demningar,

- 1) Bakgrunnen for planarbeidet er ynskje om å oppgradere anlegget, og det skal etablerast eit nytt lagerbygg (förlager) samstundes som to av dei eksisterande driftsbygga skal erstattast med eit nytt bygg. 2 av fiskekara som i dag står utomhus skal byggast inn i det nye bygget. Planen opnar for at resterande kar på sikt kan byggast inn, men det føreligg per no ingen konkrete planar for dette. Nye tiltak skal planleggast både med omsyn til estetikk og funksjonalitet.

Det er tenkt ei utforming på nye bygg som er meir i stil som eksisterande bygg i strandsona.

- 2) Vert teke til etterretning. Når det gjeld drifta ved anlegget, er miljømessige konsekvensar regulert gjennom utsleppsløyve samt konsesjon for vassuttak frå Sørkvingevatner. Det er gjort ein vurdering av planforslaget opp mot naturmangfaldlovas §§ 8-12 i planskildringa, sjå kap. 5.5. Det er også gjort ein vurdering av planens konsekvensar for miljø og klima, sjå kap. 5.11 i planskildringa.
- 3) Reguleringsplanen vil sette rammar for framtidig utvikling av området. Tiltak i samsvar med reguleringsplanen vil ikkje utløyse krav om dispensasjonssøknad.
- 4) Ein ser ikkje at det er hensiktsmessig å inkludere eit slikt krav i føresegna. Dersom tomte på sikt ikkje vert brukt til settefiskanlegg, kan området framleis nyttast til f.eks. anna næringsverksemd.
- 5) Vert teke til etterretning. Området som vert vist til ligg utanfor planområdet, og ein har såleis ikkje anledning til å setje ulike krav til bruken av dette området gjennom reguleringsplanen.
- 6) Det er per no ikkje aktuelt å utvide planområdet.
- 7) Sjøareala som ligg innafor plangrensa skal regulerast til hamneområde og til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Innafor området som er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag er det ikkje høve til å etablere flytebrygger eller kaianlegg. Det er ikkje planlagt fylling i sjø.
- 8) Buffersona på 4 meter langs vegen vart inkludert i planområdet for å sikre nok areal dersom det skulle vere ønskeleg å utbetre vegen på sikt. Som følgje av merknadar frå naboarm har ein no snevra inn planområdet, slik at det berre er vegareal og grøftar som er regulert av naboar sine eigedomar. Det vert ikkje lagt opp til ein utviding av vegen over private eigedomar – vegen vert berre regulert i tråd med eksisterande situasjon. Planen opnar for utbetring av vegen over kommunal grunn.

	<p>store slanger, pumper, mm). Dessutan har dei rett til å leggja veger, røyrgater m.m. på annan manns grunn opp til vatnet. År om anna skjær dei ned tre og kratt kring røyrgata, og der vert det dessverre liggjande på kryss og tvers. Me forstår at det er naudsynt å sikra seg nok og godt vatn, men me skulle ynskja at Mowi tok ansvar for å halda området, som dei disponerer, ryddig og pent. Gamle vannrør, som ikkje lenger er i bruk, burde fjernast.</p> <p>6) Då me vaks opp, var det ein del fritidsfiske etter ørret i elva. Ville det kanskje gje meining å utvida reguleringskartet til også å omfatta vassdraget? Kan det gjerast tiltak for å få fisken tilbake i elva?</p> <p>7) Området, der settefiskanlegget ligg, er vorte utvida ved at stein er sprengt bort og vika er fylt igjen for å gje plass til bygningar og kar. Plangrensa er nå foreslått å skulla gå eit stykke ut i vågen. Me vil oppmoda om at sjøområdet i Skutevika framleis skal vera øyremerka friluftsliv og fiske. Dersom bakgrunnen for utviding av planområdet er at landarealet skal aukast ytterlegare ved fylling i sjø, må dette gå fram av reguleringsplanen.</p> <p>8) Vidare lurar me på kvifor det langs vegen frå krysset ved fylkesvegen og ned til anlegget skal vera ei såkalt «bufferzone», som går inn på naboeigedomane. Formålet går ikkje fram av teksten. Det synes dessuten ikkje rimeleg å skulla leggja slike restriksjonar på naboeigedomane og bygningane der, som vart oppførte lenge før denne vegen vart bygd.</p> <p>9) Fiskeoppdrettsanlegget, er bygd ut bit for bit og mangler ein heilskapsplan. Dei store kara med telt gir i beste fall assosiasjoner til ein indianerlandsby. Me vil be om at kommunen med heimel i plan- og bygningslova (§12-7; §29-2) stiller krav til visuelle kvaliteter.</p> <p>10) Videre vil vi be om at det vert krevd at mønehøgda og eventuelle levegger ikkje skal hindra utsikt til fjorden frå omkringliggende boliger, og at byggegrensa på minst fire meter skal oppretthaldast (jfr plan og bygningslova § 29-4). Som regjeringas reguleringsplanveileder kapittel 6 viser, har kommunen eit stort rom for å påverka korleis det fysiske miljøet vert utforma.</p>	<p>9) Vert teke til følge. Det er stilt krav til estetikk ved etablering av nye tiltak innafor planområdet – sjå § 3.1 i føresegna.</p> <p>10) Støste byggehøgde er regulert i plankart med maksimal kotehøgde på 12,7 moh. Regulert kotehøgde er basert på eksisterande bygg, og planen opnar såleis ikkje for høgare bygg enn ved dagens situasjon. Dette med bakgrunn i at ein ikkje ynskjer å ta utsikt frå omkringliggende naboar. Regulert byggegrensing er satt 4 meter unna nabogrensing mot nord. Mot aust har fungerer vegen som eit naturleg skilje mellom næringsbygga og omkringliggende naboar. Det er likevel sett ein byggegrensing langs vegen, for å sikre at det ikkje vert sett i verk tiltak for tett opp mot denne. Byggegrensa sikrar at avstanden mellom nabogrensing og næringsområdet er større enn 4 meter. Mot sør vil det ikkje vere hensiktsmessig å setje byggegrensing 4 meter frå nabogrensing. Både eksisterande tiltak innafor næringsområdet og fleire av nausta sør for næringsområdet ligg tettare enn 4 meter frå nabogrensing. Mot sjøen og mot grøntområdet (regulert som vegetasjonsskjerm) er byggegrensing sammenfallende med formålsgrensing.</p>
<p>13. Lillian Kvinge, gbnr. 38/101 28.11.2023</p>	<p>Innhaldet i merknaden er det same som i merknaden over. Sjå over for både innhald i merknad og svar til merknaden.</p>	<p>Sjå svar til merknad over.</p>

